


HEIMKOMIN SON

Eit program om Arne Garborg





## "HEIMKOMIN SON"

Eit program om ein forfattar, bygd opp av hans eigne ord - frå romanar, dikt, dagbøker og brev - må da bli 100% sannferdig?

Sjølvsagt ikkje. Dette er eit program som skal spelast på ein time og tre kvarter. Og sjølv om vi hadde hatt eit døgn, ville vi vore nøydde til å gjere eit utval i denne store forfattararven, og eit val inkluderer alltid ei utelating.

Eg tykkjer eg skuldar dykk som skal sjå dette programmet, ei forklaring på mitt val av stoff:

Ennå har ikkje eit tre eller ein blome kunna overleve dersom vi skilde dei frå rota, - det veit jamvel eit barn. Men vi menneske freistar stadig eksperimentet på oss sjølve - vi skjer over røtene våre og spring frå opphavet vårt. Og så kan vi ikkje fatte kvifor vi ikkje trivst. Garborg er eit klassisk eksempel. Eit heilt liv kjempa han med vantrivselen sin, med sitt dårlege samvit og depresjon, alle desse trolltankane, som berre i korte periodar let han vere i fred. Men i denne tida heldt han talar som det var verdt å høyre, skreiv bøker det var verdt å lese, songar det var verdt å syngje, og eit skodespel det var verdt å sjå.

Men så kom tida da han vann fram til erkjenning, da han godtok opphavet sitt, da han såg kva som var godt i det og kva som var gale, da vart eit program om livet hans, verdt å skrive.

Han hadde eit oppgjer med fortida si og med samvitet sitt, - det var som å luke bort ugras og oppdage at røta var sunn. Og berre på denne rota kunne han vekse, og så fekk han heller godta at resultatet vart ein blå blome, og

b15g 017/194

"H E I M K O M I N S O N"

Eit program om Arne Garborg, sett saman av  
Grete Randsborg

Regi: Grete Randsborg og Bjørn Jenseg

Inspisient: Ingar Nilsen

Akkompagnatør: Jarle Sørå

Elles høyrer de Georg Fuglestad på fele, og ein  
bånsull ved Jørgen Skjæveland.

Sven Nyhus, Norsk Musikk institutt, har vore  
konsulent for musikken.

Med:

Bjørn Jenseg

Ragnhild Nygaard

Tone Ringen

Thorleif Kippersund

turnéleiar: Bjørn Jenseg



ikkje eit kornaks. Til nytte er dei begge, sirkus og brød for menneska. Og dette har eg prioritert i mitt utvalsprogram.

Vi har nytta fire menneske. To av dei representerer Arne og Hulda Garborg, dei to andre er draumen, tankane, trolla og drifta i menneska, kvinna det positive, nemleg Garborgs eiga Haugtussa, mannen det negative, natt-sida ved Garborg. Og desse fire glid mellom kvarandre, saman og frå kvarandre, utan at eg finn det anna enn naturleg. På same vis flyt røyndom og draum saman og blir alle liv, for kva er røyndomen utan draum, og korleis kunne det vere ein draum utan ein røyndom.

Velkommen til Garborg-programmet vårt!

GRETE RANDSBORG